

Har tenkt mykje på korleis eg skal vinkle event. ny søknad vedk. omprioritering av tidlegare tildelte midlar frå breibandsløfte, slik at den stettar kravet frå hovudutvalet. Vi har mange plassar i kommunen som har dårleg tilgang på fiber, men det er gjerne langstrakte bygder over fleire km, som har svært høge utbyggingskostnader, jfr. oversikt vi fekk frå Eninvest i samband med søknad til PT. Tidlegare løyvde midlar er etter 50 % regelen og det vil bli altfor dyrt for kommunen og innbyggjarane å finansiere prosjekt ut i frå dette. Det som står att etter tildeling til Flatraket Kabel TV er kr. 512.000.

Eg kan ikkje sjå at vi klarer å nyttiggjere oss av tidlegare løyvde midlar på annan måte enn å bruke dette på kommunale bygg /lokasjoner som samtidig kan vere «plattform» for eksterne aktørar. Eg har har då laga eit forslag – sjå vedlegg - der eg vil registrere interesse frå potensielle breibandslevrandørar og bruke dette i søknaden om omprioritering. (Har kart som viser punkta)

Håper du kan gi meg ei tilbakemelding på dette. Dersom du meiner at dette er feil veg å gå vidare på, vil eg ikkje bruke meir tid på den vegen.

Mvh

Reidar Sandviknes

Til aktuelle breibandslevrandører

Nordfjordkommunane har etter ei offentleg anbodskonkurranse , inngått rammeavtale med Relacom om fibertilknytningar. For Selje kommune gjeld dette tilknytning til kommunale bygg med utgangspunkt i kommunal fiber til :

	GN/BN
Selje Barnehage	56/1/129
Hove aktivitetssenter	56/1/112
Klokkarhagen	56/85
Kvia:	56/ 209
Stadlandet legekantor	24/68
Triveli	24/148
Leikvang barnehage	21/28
Kommunalt lager Selje	56/18
Fløde VA	17/15

Selje kommune ynskjer å omprioritere tidlegare tildelte midlar frå breibandsløftet til føremålet.

Dersom vi skal få løyve til dette, må utbyggingane samtidig legge til rette for vidare utbygging til næringsliv, bygdelag og privatpersonar.

Vårt spørsmål då er om aktører innafor breibandsutbygging ser muligheiter for å bruke nokon av dei nemnde lokasjonane som utgangspunkt til utbygging til bygdelag/private /næringsliv og samarbeide med kommunen om dette.

**Dette er i første omgang ein interesseregistrering. Dersom vi finn det realistisk , vil vi gå vidare og tilby samarbeid om dette iht lov om off. innkjøp.**

Svarfrist vert sett til .....